

Fra: Karen Valvatne [karvalv@online.no]
Sendt: 2. oktober 2013 16:33
Til: NVE
Kopi: post@stord.kommune.no; alexandermiedler@hotmail.com
Emne: Innspel til høyring om uttak av vatn og regulering av Storavatnet

Mosahaugen burettslag ligg på ein bakketopp med utsikt utover STORAVATNET og ligg ca. 200 m. frå vatnet. I burettslaget er det 32 husvære med ca. 60 bebuarar som består hovudsakleg av familiar, einslege vaksne og pensjonistar. Barna våre går i ulike barnehagar i Sagvåg og Litlabø. Dei fleste skulebarna går 1-7 klasse ved Sagvåg Skule og Nysæter Ungdomsskule. Barnehagane og skulane brukar Storavatnet ofte i samband med kanopadling, bading, telttur og skeising om vinteren. Dette er det einaste vatnet som kan brukast til dette i heile Sagvåg og Litlabø området. Det er også mange privatpersonar og familiar som brukar Storavatnet til desse føremål i tillegg til fiske og bruk av grøntanlegg på Litlabø til diverse aktivitetar.

Etter å ha delteke på informasjonsmøtet som SAGVÅG FORUM arrangerte 10. september 2013 og lese ERKO sin søknad med vedlegg vil vi gjerne gi våre synspunkt på settefiskanlegget som ERKO vil byggja i Sagvåg.

Mosahaugen burettslag meiner at ulempene for bygdene og folket som bur her er for store ved uttak av vatn og regulering av Storavatnet.

Vi meiner at konsekvensvurderinga som er gjort i søknaden er altfor forenkla og ufullstendig.

Det er ufatteleg at dei som har utarbeida vurderinga ikkje har undersøkt skikkeleg kor mykje Storavatnet blir nytta av innbyggjarane i Sunnhordlands nest største tettstad jamfør det som står om Brukerinteresser - friluftsliv i søknaden.

I tillegg står det ingenting under temaet Kulturminner i søknaden om det svært verneverdige området mellom Sagvågsbrua og sjøen. I dette vakre og verneverdige området har ERKO tenkt å leggja store røyr som går frå vatnet og ned til sjøen.

Mosahaugen burettslag vil at våre bebuarar og sambygdingar skal fortsetje å bu her og vi ynskjer at fleire familiar skal busetje seg i Sagvåg og Litlabø.

ERKO seier at dei vil no resirkulere 95 % av vatnet dei tappar.

Mosahaugen burettslag vil ikkje risikere å øydeleggja vårt dyrebare nærmiljø fordi ein bedrift ikkje vil kjøpa vatnet slik som andre bedrifter må gjera.

Vi er difor imot at det blir gjeve løyve til ERKO Settefisk AS til uttak og regulering av Storavatnet.

Denne uttalelsen er skrevet på vegne av bebuarane i Mosahaugen burettslag.

Styret i Mosahaugen burettslag er informert om uttalelsen som er sendt til NVE.